

Helsing til Kyrkjemøtet 2002, ved statsråd Valgerd Svarstad Haugland

Kjære medlemmer av Kyrkjemøtet!

Det er ei glede å helsa dykk som nye representantar som saman skal utgjera Kyrkjemøtet dei neste 4 åra. Eg vil tru at de er spente på oppgåvene som ventar dykk. De er engasjerte kyrkjefolk i eigne kyrkjelydar og i eigne bispedømme. No har de og fått eit viktig oppdrag for kyrkja sentralt. Ein ser alltid nye perspektiv ut frå kva ståstad og utsyn ein har. Derfor er all den erfaring de har frå andre arbeidslag også viktig inn i eit nytt styringsorgan. De representerer heile kyrkja, heile det spektrum av meiningar og haldningar som pregar folkekyrkja. Saman gjer de henne til det fargerike og spanande fellesskapen ho er. Mange fylgjer med i arbeidet de vil gjera desse dagane fordi det de gjer er viktig. 86% av det norske folket høyrer heime i kyrkja, og dei aller fleste er i nær kontakt med ho ofte eller sjeldan i livet.

Ein kan ikkje seie om dykk som om Stortinget; *Alle makt i denne sal.*

Kyrkjerådet har greia ut kor makta er i Den norske kyrkja. Utgreiinga syner at makta i kyrkja ligg i fleire ulike organ. Når all makt ikkje er i denne salen, så er det ikkje berre fordi vi og har andre kyrkjelege organ. Det ligg også ansvar og mynde i Stortinget og hos Kongen. – Endå om Hans Majestet har delegert mykje av styringsretta si til dykk – og til meg. Kyrkje/stat-utgreiinga er mellom dei sakene dette Kyrkjemøtet skal drøfta, og det er vel denne saka som vekker størst merksemd i år. Den førebels høyringa har det vore ein del publisitet om. Om vi ikkje visste det før, veit vi i alle fall no at dette er spørsmål som treng grundig utgreiing på mange plan. Eg har sagt at vi treng ein offentleg kommisjon som skal arbeida vidare med spørsmåla. Det vil eg fylgja opp. For meg er det viktig å lytte til kva kyrkja sjølv seier. Difor vil dei drøftingane som skal gå føre seg her, ha innverknad på kva mandat kommisjonen får. Samansetninga av kommisjonen er sjølv sagt heller ikkje klar, men eg har merka meg at ungdommen vil vera representerte. Og det skal de bli. Det lovar eg. Fleire lovnader om mandat og samansetting kjem ikkje i dag.

Eg har gledd meg til å helsa dykk i dag, og for å fortelja om Stortingsmeldinga: Trusopplæring i ei ny tid, om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet 2001 gav si støtte til konklusjonane frå det regjeringsoppnemnde utvalet som leverte innstillinga; Til eit liv i tru og tillit. Utvalet meiner at Kyrkja treng ei dåpsopplæring som må sikra at alle døypte får eit tilbod om systematisk, samanhengande opplæring på 315 timar, frå dåp

til fylde 18 år. I vedtaket frå Kyrkjemøtet 2001 heiter det:

"Dåpsopplæring er hele menighetens oppgave. Menigheten er kalt til å være et lærende fellesskap der alle lærer av hverandre. Den mer spesialiserte dåpsopplæringen må skje innen en slik ramme. Dette stiller store krav til prioritering og organisering i menighetene."

For meg som kyrkjeminister er det viktig at kyrkja har uttalt seg så eintydig i denne viktige saka. Regjeringa støttar opp om kyrkja sine egne vedta. Går det som vi vil, er grunnen no lagt for denne "meir spesialiserte dåpsopplæringa". Reformforslaget inneber eit av dei mest omfattande tiltake i kyrkja sidan 1739, då skulen blei innført for å læra folket sjølv å lesa Guds ord og katekisma. Dersom Stortinget sluttar seg til meldinga, vil kyrkjelydane over fem til ti år få ressursar til å prioritera og organisera seg til ei styrkja dåpsopplæring. Dette vil føra til at heile kyrkjelyden vil veksa i kunnskap om det som Gud gir oss i dåpen. Det vil påverka livet i kyrkjelydane i ein grad som vi i dag ikkje kan spå om. Det ein *kan* spå om, er at dersom denne reforma ikkje alt frå starten av er å sjå ute i kyrkjelydane, vil kampen om ressursane bli ganske vanskeleg. Ressursane må ikkje bli liggjande å gjæra i eit esande sekretariat.

Den norske kyrkja står framfor levande, krevjande og flotte utfordringar! Vil kyrkja makta det? Det er grunn til å spørja, og det med alvor. Det som skulen hadde meir enn 200 år på å arbeide fram metode og innhald i, vil kyrkjelydane makta å byggja opp det? Denne opplæringa var i realiteten pålagt alle born fordi det fylgde med plikt til skulegang.

Eg trur kyrkja vil klara det. Dåpsprosenten tyder på at mange framleis kjenner seg knytt til kyrkja. Dei fleste stader er talet på konfirmantar eit uttrykk for at kyrkja framleis både driv eit godt arbeid i opplæringa og at ho stiller i god konkurranse med andre alternativ. Kyrkja har tatt på alvor ansvaret sitt for kyrkjeleg dåpsopplæring med motivering og truskap sidan 1969. Når eg tillet meg å spørja så alvorleg om kyrkja maktar denne utviklinga, så er det fordi eg dermed gir uttrykk for at eg veit at reforma vil krevja mykje. Ho vil krevja omstilling, motivering og innsats i møte med eit realistisk ressurstilskott. Men så vil og denne reforma gi kyrkja mykje! Kontaktflata vil bli breiare, trongen til å lytta og fornya seg vil auka, forståinga av kva evangeliet er for barn og unge vil få djupare og vidare innhald. Gjennom denne utviklinga der kyrkjelydane gir og får, kan folkekyrkja haldast ved like og utviklast som levande folkekyrkja. Denne dåpsopplæringa er likeså viktig, kanskje viktigare, for kyrkja si framtid, enn det organisatoriske tilhøvet mellom kyrkje og stat. Ho vil styrkja substansen og innhaldet til kyrkja vår – og det må, uansett organisering, vera det bærande.

Ein annen grunn til at eg har stor tru på at kyrkja skal klara utfordringane med

dåpsopplæringa, er når eg ser alle dei unge i kyrkja som vil vera med på å prega dette arbeidet. De har hatt dykkar eige kyrkjemøte der de sette viktig søkelys på kyrkja sitt virke. Det gjorde stort inntrykk på meg korleis de prega opninga av Kyrkjemøtet i fjor; ikkje med skrik eller støyande tale, men svært talande med stille og symbolsk innlevering av dokumenter. Her er det handling, ikkje alle papir og utgreiingar som er viktige.

Så er det krefter som ikkje vil støtta oss i denne satsinga. Vi er jo blitt eit fleirkulturelt samfunn, blir de hevda. Dessutan står skilje mellom stat og kyrkje for dør, legg ein til. Då treng vi verken trusopplæring eller formålsparagraf, seies det. Min påstand er det motsette. Fordi vi blir eit meir og meir fleirkulturelt samfunn, treng vi opplæring i vårt eige verdigrunnlag og vår eiga tru. Er vi trygg på vårt eige, er vi og trygg i møte med andre kulturar og religionar. Kjenner vi ikkje til vår eiga tru, blir vi usikre i møte med andre religionar. Arbeidet kyrkja driv er førebyggjande på mange måtar.

Nyleg gjorde stortinget vedtak om å sikra kapitalen i Opplysningsvesenets Fond mot inflasjon. Eg ser på Opplysningsvesenets Fond som kyrkja sin eigedom og meiner vedtaket i Stortinget er viktig for kyrkja, særleg på lang sikt. Vedtaket inneber at realverdien av fondet skal sikrast i åra framover. Sjølv om det er utviklinga i finansmarknaden som vil avgjera om vi lukkast med dette, er eit viktig prinsipp om vern av verdiane i fondet no nedfelt i lova. Dermed kan ikkje eit fleirtal på Stortinget fyrst kutta i budsjettforlag til løyvingar til kyrkja for seinare å finansiera nye tiltak over fondet, slik dei gjorde i fjor. Då kutta dei 30 prestestillingar og løyvinga til fellestråda med ca 20 mill, for i neste omgang å bruka fondsmidlar til 30 prestestillingar og 10 diakonstillingar. Eg er glad for stillingane, men ikkje i finansieringsmåten.

Kyrkja har ein krevjande økonomi. 2/3 av kyrkja sin økonomi kjem frå kommunane, og dei slit. På godt og vondt speglar ordninga kyrkja sin lokale karakter, nærleiken på grasrotplan mellom kyrkjelyd og kommune. Eg veit at den lokale kyrkjeøkonomien er tung og krevjande mange stader. Øyremerkinga til fellestråda er bra, men slit gjer de likevel.

Talet på tilsette i kyrkja som Kyrkjerådet peiker på i opptrappingsplanen, må sjåast i samheng med meldinga om trusopplæring i ei ny tid. Dei 70 nye prestestillingane dei to siste åra var naudsynte om avtalen om prestane sine fridagar skulle bli ein realitet. Eg er glad dei kom på plass, samstundes med dei 10 nye diakonstillingane. Det er og gledeleg at prestane fikk ei betring i løna si. Det er bra for prestane i dag, men ikkje minst og med tanke på rekruttering til yrket. Der det knip som verst no, med tanke på dåpsopplæringa og bemanninga generelt, er trongen for fleire stillingar innan diakoni og undervisning. Reforma sine krav om ei bratt utvikling aktualiserer det ytterlegare. Her er utfordringane store, både når det gjeld utdanning og rekruttering. Dei 5 millionane som regjeringa i år har foreslått til

dåpsopplæring, skal gå til forsøks- og utviklingstiltak og som tilskot til stillingar innan den kyrkjelege undervisninga. Rekrutteringstiltak skal og vurderast. Så skal de drøfta kvalifikasjonskrav for kateket, diakon og kantor. Vi er i gang!

Til slutt: Til lukke med ny – førebels berre utnemnd – biskop i Tunsberg! Når det kyrkjelege votum så klart syner at kyrkja ynskjar å utvikla likestillinga mellom kjønna på alle nivå, var det ei stor, faktisk også personleg, glede å foreslå for Hans Majestet at Laila Riksaasen Dahl vart utnemnd. Andelen kvinnelege prestar som arbeider i kyrkjelydane i dag er om lag 15%, kvinnelege prostar om lag 10%, og med to kvinnelege biskopar går det rett veg! Men ein må framleis arbeida for ein god balanse mellom kjønna, både i presteskapat og i dei andre yrkeskategoriane i kyrkja. Dette er ei side ved rekrutteringsarbeidet som må fortsette og utviklast.

I 1. Mosebok kap. 16 v. 13 seier Hagar: "Du er Gud som ser." For ho sa: "Kan det vera råd at eg har sette skimten av han som ser meg?" Vi har alle trong for å sjå og bli sett, både av Gud og av folk rundt oss. Ein prest eg kjenner sa til sin biskop: "Det viktigaste du kan gjera som min biskop er å sjå meg." Biskopen og hans medarbeidarar arbeidde med korleis dei skulle sjå prestane og dei andre på ein god måte. Vi har ulike oppgåver i kvar våre posisjonar. Eg ynskjer å sjå dykk som Kyrkjemøte, og eg vil lytta til kva de seier og meiner. Som kyrkjeminister er mi oppgåver å leggje til rette for gode rammevilkår for kyrkja. Det vil eg framleis kjempa for. Men det viktigaste, trass alle utfordringar og problem, er å bli sett av Gud.

Eg vil ynskje dykk lukke til med Kyrkjemøtet. De skal arbeida med mange, viktige saker. Det skal bli spanande og interessant å fylgja Dykk! Lukke til!